

Notat

Dato: 08.09.2014
Arkivsak: 2014/11856-26
Saksbehandlar: gurklyv

| | |
|-------------|-------------------------------|
| Til: | Fylkesutvalet Fylkestinget |
| Frå: | Fylkesrådmannen |

E39 Svegatjørn-Rådal. Fornya vurdering frå Statens vegvesen av alternativ tilkomst til deponiområde i Hordnesskogen.

Fylkestinget handsama den 11.06.2014 sak 47/2014 «Ny E39 Os-Bergen og E39/Rv580 Rådalskrysset – Avtale om massedeponi i Hordnesskogen og grunnerverv ved Rådalskrysset.»

Det vart fatta slikt vedtak:

«1. Fylkestinget godkjenner vedlagte kjøpekontrakt mellom staten v/Statens vegvesen Region vest og Hordaland fylkeskommune.

2. Hordaland fylkesting ber i tillegg Statens vegvesen foreta en fornya vurdering av alternativ tilkomst via Fana Stein og Gjenvinning (FSG) fram mot anleggsstart.

Vurderinga må spesielt ta for seg trafikktryggleik v/Stend jordbruksskule, Hordnesveien og Bjarghallen, samt risiko knytt til tidlegare avfallsdeponi v/evt. ny trase over FSG.»

Med bakgrunn i punkt 2 i fylkestinget sitt vedtak har Statens vegvesen gjort ei fornya vurdering av tilkomst til deponiet i Hordnesskogen. Statens vegvesen har utarbeidd eit notat av 18.08.2014, som er lagt ved brev av 21.08.2014 til Hordaland fylkeskommune. Vedlegg 1a og 1b.

I notatet/vurderinga er det vist til eit referat frå møte om saka den 19.06.2014. Kopi av møterefateret er lagt ved. Vedlegg 2.

I tillegg har Statens vegvesen i brev av 01.09.2014 til Hordaland fylkeskommune gjeve ei skriftleg stadfesting av dei svara dei gav i møte med Eigeomsseksjonen den 27.08.2014. Vedlegg 3.

Statens vegvesen har konkludert med at dei vurderer tilkomsten via Hordnesvegen som den beste løysinga.

Vedlegg

- 1 Vedlegg 1a. Brev av 21.08.2014 frå Statens vegvesen
- 2 Vedlegg 1b. Notat av 18.08.2014 vedlagt Statens vegvesen sitt brev av 21.08.2014
- 3 Vedlegg 2. Referat frå møte om saka den 19.06.2014
- 4 Vedlegg 3. Brev av 01.09.2014 frå Statens vegvesen